



- Nesten som heime!

Uskedalen har ein stor skare av trufaste feriegjestar som aldri sviktar. Ein av dei er Svein Ragnar Myklebust (snart 48) som har sine røter i Rabben Feriesenter. og som har ein sollid musikalsk bakgrunn. -Familien er her i alle feriar. Det fell naturlegare for oss enn å feriera på Stord, som er den eigentlege heimstaden min, seier Svein Ragnar. I dag er han vakthavande og bubilane strøymer på i eit slikt omfang at det teikner til å bli ein god påske for familieverksemda.

Steinar Myklebust er faren til Svein Ragnar. At sonen skulle bli pianist stod vel ikkje akkurat skrive i stjernene, men inspirasjonen kom frå systema som spela orgel. Yrkeskarrieren starta i kulturskolen på Stord men Svein Ragnar er tydeleg glad for at han for 15 år sidan vart frilansar i musikk. Det har vore eit allsidig liv med kapellmeisterjobben i ein lokal oppsetjing av Les Miserables som det desiderte høgdepunktet med 48 000 betalande i Sandnes, Haugesund og Kristiansand.

Ei anna stor oppgåve har vore å komponera musikk for NRK-serier og ei tredje å akkompagnera Hanne Krog, mellom anna fleire gonger i USA, I ei omtale av framføringa av Hugos store verk les vi at orkesteret under leiinga av Myklebust spelar godt og meistarar dei store variasjonane på ein organisk naturleg måte. Det legg grunnlaget for at songarane kjem til sin rett, Svein Ragnar har også hatt mange oppdrag frå Rogaland Teater. Han har i alle år budd i Stavanger og familien består av kona Anne Kathrine og gutane Simen og Kristian som er 17 og 13 år.

Akkurat no er den største oppgåva til Svein Ragnar å laga musikk til ein dokumentarserie i NRK med 4 episodar. Andre storoppdrag har han ikkje i sikte akkurat no, men det plar ordna seg. Og gjer det ikkje det, har han kona i beredskap for ho har fast jobb i skuleverket.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen